

HELSE FØRDE HF
Postboks 1000
6807 FØRDE

Dykkar ref.: Vår ref.:
2020/81 - 4330/2021

Sakshandsamar:
Hilde Rudlang

Dato:
28.04.2021

Utkast til oppdatert regional plan for habilitering og rehabilitering

Vedlagt følger eit utkast til oppdatert regional plan for habilitering og rehabilitering til behandling i styra i helseføretaka.

Utkastet vil også bli lagt fram for styret i Helse Vest RHF i juni 2021. Dersom det ikkje let seg gjere med styrebehandling i helseføretaka i tide før dette, vil saka bli tatt opp på nytt til endeleg behandling i styret i Helse Vest RHF i etterkant.

Vi ber om ei tilbakemelding om tidsaspektet for behandlinga i dei lokale styra.

Bakgrunn

Formålet med å oppdatere planen er å målrette det vidare arbeidet mot dei viktigaste tiltaka. Utgreiingane i Regional plan for habilitering og rehabilitering (2016-2020) ligg framleis til grunn.

Med bakgrunn i at det var brei involvering i arbeidet med den eksisterande planen, blei det ikkje lagt opp til involvering av kommunar eller andre eksterne samarbeidspartar i arbeidet med oppdateringa.

Det blir lagt til grunn at kommunane er involverte ved revidering av utviklingsplanar i helseføretaka der også habilitering og rehabilitering bør inngå. Samarbeid om habilitering og rehabilitering er inkludert i samarbeidsavtalene mellom kommunar og helseføretak, og gjennom samarbeidet i helsefellesskap skal kommunar og helseføretak planlegge tenester i fellesskap.

Oppdateringa er basert på tre dialogmøte med helseføretaka, HDS, brukarrepresentant, tillitsvalt, Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering og regionalt helseføretak. Det har òg vore rundar med skriftlege innspel. I tillegg blei status for oppfølging av tiltaka i den eksisterande planen kartlagt hausten 2020, og denne er lagt til grunn ved oppdatering av planen og målrettinga av den vidare innsatsen.

Formatet på den oppdaterte planen er tilpassa det digitale formatet for «ny generasjon planar». Det er korte omtaler av utvalde innsatsområde med konkrete mål, kva vi gjer for å nå måla og indikatorar for måloppnåing. Det blir jobba med å gjere innhaldet i planen tilgjengeleg på nett.

Vennleg helsing

Panchakulasingam Kandiah
ass. fagdirektør

Hilde Rudlang
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng inga signatur

Kopi til:
Regionalt brukarutvalg - Helse Vest